



Lars Grønvingh  
Rinddalen 39  
5098 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7886 - 14/28159

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
17.12.2014

## Planting av gran på innmark gbnr 106/8 Fanebust.

Syner til diverse kontakt mellom landbrukskontoret i Lindås kommune og dykk. Spørsmålet har vore om gran planta på innmark på denne landbrukseigedommen før 1990, skulle takast vekk av di skogen hindrar utsikt frå fritidseigedommen dykkar, og av di gran var planta på gammal beitemark utan at det var sendt søknad om omdisponering.

Saka vart teke opp første gong i brev datert 25.06.90, og har seinare vore nemnt på nytt, seinast hjå oss i brev datert 04.03.02 frå fylkesmannen i Hordaland til Roald Terje Fansbust.

Landbrukskontoret har i løpet av året igjen vorte kontakta av dykk med førespurnad om oppfølging av saka.

Landbrukskontoret har no vore i kontakt med ny eigar av eigdommen. Ved førespurnad 17/12-2014, vart saka diskutert.

Ny eigar seier då at alle tre som det var rimeleg å ta vekk er fjerna. I to omgangar og innanfor frist som vart sett for arbeidet, er alle tre no felt. Arbeidet er gjort i samsvar med blinking utført av sakkynndig personell. Deretter er enno fleire tre teke ned etter mellom anna tilvising frå dykk.

Etter eigar si meining er det no ikkje fleire tre å ta vekk. Dei trea som står att vil ho ha på staden av omsyn til å redusere innsynet på eigdommen. Ho meiner og at alle tre som var planta den gongen no er teke vekk.

At det kjem opp nye tre er ei anna sak.

Landbrukskontoret vurderer på denne bakgrunn at saka er avslutta.

Dersom de framleis har ting å klage på i samband med tre på gnr.106 bnr.8, er dette privatrettsleg sak som må følgjast opp av dykk gjennom rettsvesenet.

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar landbruk



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Lars Grønvingh

Rinddalen 39 5098

BERGEN